



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166

Oslo

T: 22 04 49 70

E: [nso@student.no](mailto:nso@student.no)

W: [www.student.no](http://www.student.no)

## Høringsuttalelse

# Høring - Styrking av aktivitets- og reiegjæringsplikta

*Dato: 04.10.1990*

## Svar:

Norsk studentorganisasjon (NSO) vil gjerne takka for høvet til å spela inn i høyringa om styrking av aktivitets- og reiegjæringsplikta. Sjølv om høyringa ikkje rettar seg heilt direkte mot vårt ansvarsområde, så er ho av interesse for oss, då me har studentar i praksis i verksemder som dei foreslåtte endringane påverkar gjennom heile året. Studentar som under sitt praksisopphald ofte er underlagt dei reglar og føresegner som gjeld for arbeidsplassen dei er utplassert hjå, og som får dei same rettane og den same oppfølginga som arbeidstakarar jmf. arbeidsmiljølova §1-6<sup>1</sup>. Praksis er eit område kor NSO har høge ambisjonar for både kvalitetsheving og vidareutvikling til nye næringar. Difor er me sær positive til eit kvart forsøk på å styrka og tydeleggjera lovverk knytt til trakassering i alle former. Vidare er NSO oppteken av, og jamt over positive til tiltak som kan sikra meir mangfaldige og likestilte forhold i det som vil vera morgondagens arbeidsplassar for dagens studentar.

Det er med bakgrunn i dette at NSO vil gje si støtte til fleire av departementet sine vurderingar knytt til likestilling og trakassering (kapittel 5.3.5 og utover), og særskild vektleggja dei konkrete forslaga til endring av lovverket, samt kommentarane til desse. Endringane er både tydeleggjerande og konkretiserande knytt til ansvar for førebyggjande arbeid mot og rapportering av likestilling, diskriminering og trakassering av tilsette.

---

<sup>1</sup> <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62/§1-6>